



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Adesseliste

Dykkar ref:	Vår ref:	Arkivnr.:	Dato:
	2011/367	433.52	23.03.2011

Protokoll frå møte i rovviltnemnda Region 1 22. mars 2011

Rovviltnemnda i Region 1 møtte på fylkeshuset i Kristiansand 22. mars 2011. Frå nemnda møtte Norvall Nøringset og Oddny Omdal. Magnar Lussand og Jenny Følling melde avbod same dag på grunn av trafikale tilhøve. Odd Arild Kvaløy melde tidleg avbod, men det er for tida ikkje vara for Rogaland. Nemnda var med dette ikkje vedtaksfør på møtet. Problemet blei løyst ved telefonmøte med Lussand for dei sakene som kravde vedtak.

Frå sekretariatet møtte Birger Aasland og Anders Braa. Tor Punsvik møtte frå Fylkesmannen i Vest-Agder, frå SNO Kristian Eiken Olsen og frå NINA Rovdata Morten Kjørstad.

Før ordinært møte innleia Finn Aasheim frå Norges bondelag Agderkontoret. Han synte mellom anna til brev til Direktoratet for naturforvaltning frå Vest-Agder sau og geit, dagsett 16.03.11 og frå Sogn og Fjordane bondelag, dagsett 28.02.11. Kopi av breva blei delt ut på møtet og blir send til nemnda saman med protokollen.

Nemnda syner til breva frå næringsorganisasjonane om behov for ekstraordinær felling av jerv. Dette blir tatt opp som eigen sak. Saklista blei elles godkjend.

Sak 07/11: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempande tiltak i 2011. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon for sekretariatet.

Sekretariatet delte ut eit revidert saksframlegg på møtet. Årsaka til det var todelt:

- I utsendt saksframlegg står det at det *ikkje* er motteke rapport om bruken av midlar til FKT for 2010 frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er ikkje rett. Begge fylka har sendt inn rapport på rett vis og innan fristen 15.01.11.
- Saksframlegget la til grunn same tildeling av midlar til FKT (1427.73) som i fjor og 2009, kr 1 500 000,-. Sekretariatet mottok supplerande tildelingsbrev frå DN 18.03.11, der det går fram at ramma for Region 1 er endra til kr 1 000 000,-.

Det reviderte saksframlegget supplerar/erstattar det som blei sendt ut på dette viset:

Under rapport 1427.73 frå 2010, s. 4:

Hordaland: Kr 70 000,- er overført til kongeørnprosjektet. Kr 30 000,- er brukt til flytting av sau til anna beite på Fitjar-øyane, jf epost av 14.01.11.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Norvall Nøringset
Telefon: 57826706/95038575/57721970
norvall.noringset@sf-f.kommune.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Sogn og Fjordane: Kr 49 000,- er overført til kongeørnprosjektet. Til saman er kr 939 000,- nytta til FKT i Sogn og Fjordane i 2010 for delt på 23 tiltak, jf brev av 14.01.11. Fylkesmannen har prioritert fylkesfellingalaget i regi av Sogn og Fjordane skogeigarlag og utprøving av radiobjølleprosjekt. Skadeomfanget av jerv blei i stor grad avdekka gjennom tilskot til utvida og ekstraordinært tilsyn, kommenterer fylkesmannen.

Under vurdering og grunngjeving, s. 5:

Rammebevilginga til regionen er kr 1 000 000,-. I forslaget til ny fordeling legg sekretariatet til grunn:

- Noko redusert ramme for drift av nemnda
- Vidareføring av kongeørnprosjektet som budsjettert
- Overvaking av kongeørn i Vest-Agder går ut
- Reduksjon av midlar til omsøkte tiltak og reservebeløp i Sogn og Fjordane

Sekretariatet sitt forslag til fordeling av budsjett :

1427.73	Fordeling på søknad	I reserve FM	Til saman
<i>Drift av nemnda</i>			120 000
<i>FM Vest-Agder</i>	100 000	50 000	150 000
<i>FM Rogaland</i>	179 000	46 000	225 000
<i>FM Hordaland</i>	0	50 000	50 000
<i>FM Sogn og Fjordane</i>	355 000	100 000	455 000
Sum			1 000 000

Rovviltnemnda legg til grunn saksframlegg og forslag frå sekretariatet for vedtaket.

Vedtak

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak på dette viset for 2011, med atterhald om eventuelle endringar i rammetildeling:

1427.73	Fordeling på søknad	I reserve FM	Til saman
<i>Drift av nemnda</i>			120 000
<i>FM Vest-Agder</i>	100 000	50 000	150 000
<i>FM Rogaland</i>	179 000	46 000	225 000
<i>FM Hordaland</i>	0	50 000	50 000
<i>FM Sogn og Fjordane</i>	355 000	100 000	455 000
Sum			1 000 000

2. Det skal ikkje utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Fylkesmennene har høve til å sette av ytteligare midler til reserve dersom det ikkje er omsøkt tilstrekkeleg beløp frå søknadar som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av store beløp i reserve, det vil seie til akutte behov i beitesesongen. Nemnda vil oppmode fylkesmennene til å sjå nærare på om det kan vere aktuelt å nytte eventuelle beløp som står att etter beitesesongen er ferdig til nye tiltak eller forbetring av eksisterande tiltak. Fylkesmennene bør og vere opne for å gje støtte til felles tiltak innan regionen eller med naboregionar, og til tiltak i andre fylke innafor regionen. Reservebeløpet kan og nyttast til finansiering av formar for dialog med involverte

organisasjonar i fylket.

4. Fylkesmennene må ta høgde for godtgjering av skadefellingslag.

5. Bruk av tilskot til tidleg sanking skal vere i samsvar med forvaltningsplan for Region 1 (kap 8.4.4).

6. For å få tilskot til førebyggjande eller konfliktdempande tiltak skal tiltaket avklarast med fylkesmannen på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg.

7. Fylkesmannen har høve til å nytte pengane til gode prosjekt innafor bestandsregistrering og skadedokumentasjon. Slike prosjekt skal samordnast med SNO.

8. Det er ikkje høve til å engasjere personell hos fylkesmannen for gjennomføring av førebyggjande tiltak.

9. Tilskot frå 1427.73. skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Fylkesmannen kan likevel nytte delar av ramma til andre førebyggjande tiltak, jf forvaltningsplanen kap.8.4.6.

10. Mottakar av tilskot skal rapportere bruken til Fylkesmannen innan 1. desember 2011. Rapporten skal, innehalde ei evaluering av tapsreducerande eller konfliktdempande effekt. Fylkesmannen skal rapportera bruken av tilskotsmidla innan 15. januar 2012 til DN og rovviltnemnda. Fylkesmannen skal og rapportera effektar av tilskotet så godt det let seg gjera.

11. Av førebels ramme på kr 250 000,- til godtgjering av rovviltnemnd og drift av sekretariatet (kap. 1427.21) blir kr 150 000,- sett av som kompensasjon til fylkesmannen i Rogaland for sekretariatsarbeidet.

Dette vedtaket er ikkje eit einskildvedtak etter forvaltingslova, og kan ikkje påklagast.

Sak 08/11: Orientering om NINA Rovdata ved leiar Morten Kjørstad

Kjørstad sitt innlegg sendast ut saman med protokollen.

Sak 09/11: Status for jerv og ulv etter lisensfellingsperiodane, gaupe mot slutten av gaupejakta og eventuell anna førekomst av rovvilt. Ved SNO

Fungerande rovviltansvarleg for Agder og Rogaland Kristian Eiken Olsen oppdaterte møtet om status på rovviltfronten. Innlegget sendast ut saman med protokollen.

Sak 10/11: Innspill frå FM Vest-Agder om rovviltnemnda si handtering av saker om felling av ulv i Vest-Agder

Tor Punsvik orienterte om bakgrunnen for og innholdet i brev til rovviltnemnda, dagsett 17.02.11. Rovviltnemnda tar innspelet til etterretning, men meiner eventuelle endringar i forvaltning av ulv i regionen må gå fram av forvaltningsplanen. Planen skal reviderast etter

konstituering av ny nemnd til hausten i år. Nemnda ber sekretariatet om å merke seg innspelet frå Vest-Agder.

Sak 11/11: Orienteringssaker

Nemnda diskuterte korleis ein kan følgje opp behovet for nærare samarbeid med nabonemndene, særleg 2 og 3. Region 3 skal ha møte 27.05 i Lillehammer, der revisjon av forvaltingsplan truleg er viktig tema. Sekretariatet tar kontakt med region 3 for å høyre om det kan vere aktuelt å invitere seg med på dette møtet eller på anna vis treffe nemnda i Region 3 no i vår.

Når det gjeld Region 2, lufta Tor Punsvik ein ide om eit felles seminar om ulv, til dømes i Kristiansand. Sekretariatet følgjer dette opp med ein kontakt til sekretariatet i Region 2.

Sak 12/11: Behov for ekstraordinær felling av jerv

Nemnda syner til brev frå næringsorganisasjonane i Vest-Agder og Sogn og Fjordane til Direktoratet for naturforvaltning med krav om uttak av jerv.

Nemnda syner til seinare års praksis for ekstraordinære fellingar og og behov for uttak av skadegjerande jerv på sporsnø på vårsesongen før beiteslepp. Det er dokumentert forekomst av jerv både i Sogn og i Vest-Agder no. Nemnda vil rå DN til å iverksette felling av jerv i desse områda så snart som råd.

Med helsing

Norvall Nøringset
leiar for rovviltnemnda

Adresseliste:

- Rovviltnemnda Region 1
- Fylkesmennene i Vest-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane
- Direktoratet for Naturforvaltning

Vedlegg:

- Foredrag til Morten Kjørstad
- Foredrag til Kristian Eiken Olsen ?
- Brev frå Vest-Agder sau og geit av 16.03.11
- Brev frå Sogn og Fjordane bondelag av 28.02.11



STATENS
NATUR
OPPSYN

Skadedokumentasjon og rovvilt i Region 1 sesongen 2010/2011.

Møte i Rovviltnemda, Kristiansand 22.03.2011



Skadedokumentasjon Region 1 2010

	Dokumentert	Antatt	Usikker	Sum
Bjørn	6	0	0	6
Ulv	29	14	9	52
Jerv	9	8	3	20
Gaupe	3	2	2	7
Kongørn	12	8	5	25
Freda rovvilt	1	0	0	1
Sum				111
Totalt saker: 288				
Ulv Aust-Agder: 29				



Skadedokumentasjon Vest-Agder 2010				
	Dokumentert	Antatt	Usikker	Sum
Bjørn	0	0	0	0
Ulv	29	14	9	52
Jerv	0	0	0	0
Gaupe	0	0	0	0
Kongørn	1	1	0	2
Freda rowvilt	0	0	0	0
Totalt saker: 85				
Ulv Aust-Agder: 29				



Skadedokumentasjon Rogaland 2010

	Dokumentert	Antatt	Usikker	Sum
Bjørn	0	0	0	0
Ulve	0	0	0	0
Jerv	4	0	0	4
Gaupe	2	0	0	2
Kongørn	2	2	1	5
Freda rovvilt	1	0	0	0
Total saker: 34				



Skadedokumentasjon Hordaland 2010				
	Dokumentert	Antatt	Usikker	Sum
Bjørn	0	0	0	0
Ulve	0	0	0	0
Jerv	0	0	0	0
Gaube	0	1	0	1
Kongørn	2	4	1	6
Freda rowvilt	0	0	0	0
Total saker: 31				



Skadedokumentasjon Sogn og Fjordane 2010				
	Dokumentert	Antatt	Usikker	Sum
Bjørn	6	0	0	6
Ulve	0	0	0	0
Jerv	5	8	3	16
Gaupe	1	2	2	5
Kongørn	7	1	3	11
Freda rovvilt	0	0	0	0
Total saker: 138				



Felte rovdyr i Region 1 2010/2011.

- Ulv, hann, 42,5 kg, Lyngdal i VA, Skadefellingslag i kombinasjon med lisensjakt. 08.12.2010
- Gaupe, hann, 18,7 kg, Lindesnes i VA. Lokale jegere. 17.02.2011.
- (Aust-Agder, region 2. Ulv, hann, 51 kg, Froland, lisensjakt. 27.02.2011.)
- Jerv, hann, 14 kg, Sogn og Fjordane, fanget i bås.

Roviltregistrering 2010/2011

Region 1.


- Ulv, ingen spor etter felling.
- Jerv, VA Naglestadheia 03.03.2011. Møkkprøve sikret.
- Vanskelige forhold i høyfjellet i Setesdal vesthei – ryfylkeheiene, ingen sporobservasjoner pr dd.
- Jerv i Sogn og Fjordane, 4 dokumenterte meldinger.
- Bjørn, Sogn og Fjordane, høsten 2010, registrert i Jostedalen i Luster, usikkert om den har overvintra i området.
- Gaupe, jevnlig meldinger om gaupe i Lærdal (ellers lite i Hordaland og Sogn og Fjordane)
- Gaupe, sporadiske i VA. I Rogaland i området Suldal.





Ansvarer for formidling, drift og utvikling av Nasjonalt overvåkingsprogram for rovdyr

**Morten Kjørstad
Leder - ROVDATA**



ROVDATA – ny modell for rovviltovervåking

Rovdata er etablert som en selvstendig enhet med egen leder og stab i NINA



www.rovdata.no

www.rovdata.no

ROVDATA – ny modell for rovviltovervåking

Målsetting;

- Tydelig identitet – bidra til økt forståelse og kunnskap om hvem som gjør hva

ROVDATA – ny modell for rovviltovervåking

Målsetting;

- Økt formidling av resultater fra overvåkingen

ROVDATA – ny modell for rovviltovervåking

Målsetting;


- Økt sørvis til ulike brukergrupper

ROVDATA – ny modell for rovviltovervåking

Målsetting;

- Felles fennoskandisk koordinering av metoder og rapportering

ROVDATA – ny modell for rovviltovervåking



ROVDATA – ny modell for rovviltovervåking

Målsetting;

- Evaluering og videreutvikling av metoder
 - Fagrådet

ROVDATA – ny modell for rovviltovervåking

Målsetting;

- Økt lokal medvirkning i overvåkingen
 - www.rovdata.no
 - <http://meis.artsdatabanken.no/storerovdyr>

Rovdata leverer overvåkingsdata og
bestandstall på gaupe, jerv, brunbjørn,
ulv og kongeørn i Norge til forvaltning,
media og publikum.

Foto side 1: Lars Krempig, John Linnell, Roy Andersen, Per Jordhøy, Espen Lie Dahl. Foto bakgrunnsbilde: © SCANDULV